



KYSTPASS 2019

Ramsalte turar i Nye Øygard kommune



30 TURMÅL FOR STORE OG SMÅ!

Sund Turlag
Bergen og Hordaland Turlag

Fjell Turlag
Bergen og Hordaland Turlag

Øygarden Turlag
Bergen og Hordaland Turlag



Historia bak Sund turlag sitt Kystpass - Ramsalte turar i Sund

Sund turlag starta opp våren 2012. Fredrik Mortensen var første leiar og tok initiativet til å få laga eit turhefte, som var ferdig til påska 2013. Det første kystpasset hadde 14 turmål pluss informasjon om Perler i Nordsjøløypa, DNT, geocaching og bruken av kart og kompass. Sparebanken Vest og 26 sponsorar med rause gåver gjorde at Kystpasset kunne leverast ut i alle postkassar i Sund. Fleire Kystpass kunne hentast på KIWI og Biblioteket på Sund Senter.

Turlaget fekk så mange gode tilbakemeldingar at det inspirerte dei til å laga turpass kvart år sidan. Fleire turar kom inn år for år, og talet på sponsorar auka tilsvarande. Etter andre året kutta ein ut å leggja Kystpasset i alle postkassar. I staden ligg det no bunkar på biblioteket, servicetorget, bensinstasjonar og butikkar, hotell og museum.

Turlaget og biblioteket har invitert til arrangement med utdeling av premiar. Alle som har fullført 7 av turane har fått gåver som kopp, pins, t-skjorte og panneband. Dette har særleg inspirert barnefamiliar til å prøva ut både nærturar og stiar i heile kommunen. Etter kvart vart òg fellesturar og strandrydding tatt med i Kystpasset. Under Friluftslivet år i 2015 kom ein del av løypene inn i biblioteket sin web-app www.ordispor.no.

Fellesnemnda for Nye Øygarden ynskte tidleg eit felles turhefte basert på Kystpasset til Sund turlag. Dette vart tatt vidare i arbeidsgruppa for Lokaldemokrati og identitet. Sund turlag stilte seg positiv til dette, og alle turlaga i regionen har i fellesskap utarbeidd Kystpasset 2019. Med til saman 30 turforslag frå nord til sør, kan vi verta kjende med mange nye løyper. Dette vil vera positivt for å utvikla vi-kjensle og felles identitet. Friluftsliv og gode fellesskapsopplevingar er med på å fremja folkehelse og trivsel.

God tur!

Innhold:



MANGLER DU UTSTYR TIL TUREN? HER KAN DU LÅNE UTSTYR

BUA FRIHuset – Ågotnes

På BUA kan ein låne det meste til friluftsliv, både sommar og vinter, – alt frå telt og soveposar til ski og skøyter. Alt er gratis til utlån for våre innbyggjarar.

Sund Bibliotek

GPS, telt, liggjeunderlag, kokeapparat, gåstavar, refleksevestar og fiskestenger.

Frivillige lag har òg utlån av utstyr.

Sjøportsenteret på Glesvær

(NB: Linn-Christine! dere må sjekke opp i om dette gjelder kun for medlemmer eller for alle!!)

kajakkar, brett og klatretau.

Øygarden Bibliotek

Fiskestenger og redningsvestar for vaksne.

Fjell Bibliotek:

Redningsvester for barn og vaksne, sekk, fiskestenger, slukar.

Utlån til skular og barnehager:

Lavvoar, bålpanne, håvar, kompass m.m.

BÅLBRENNING

Det er generelt bålforbud i perioden 15. april til 15. september. Dette inneber forbud mot å tenna opp bål og grill i, eller i nærleiken av skog og anna utmark. Brannvesenet kan likevel gje løyve til å tenna opp bål, om du søker om dette. Sjekk alltid kva regler som gjelder før du tenner opp bål.

TIPS TIL TRYGG BÅLBRENNING:

- Ta omsyn til skogbrannfare og vindtilhøve.
- Det er alltid den som brenn bål som har ansvaret for brannryggeleiken.
- Det bør vere ein vaksen, edru person som er ansvarlig for bålet.
- Bålet må vere i god avstand frå busetnaden og vegetasjon.
- Det er ikkje lov å brenna bål på svaberg.
- Bålet må ikkje vere større enn at du har kontroll på det og kan slukke ved behov.
- Ha eigna slukkeutstyr lett tilgjengeleg.
- Det er forbode å brenne plast, bygningsmaterial og anna søppel.
- Når du forlet bålplassen skal bålet vere heilt slökka.

TURBØKER

Turlaga har lagt ut turbøker på ulike stadar i kommunen (sjekk turskilddringar om bok er lagt ut). Vi trekk nokre heldige vinnarar kvart år som får gavekort frå G-sport på Sartor Senter.



DNT SjekkUT

I 2016 lanserte DNT ein ny app som heiter SjekkUT. Denne har vi tatt i bruk, og mange av våre turar ligg her. Når du er i nærleiken av eit sjekkut-punkt vil dette koma opp i appen. Du kan sjå kart som viser kvar du er, og turpostar som er lagt inn i nærleiken. Du kan sjekke inn på turposten med mobiltelefonen, og signere den digitale gjesteboka.

Sund, Fjell og Øygarden Turlag har fleire SjekkUT-punkt og alle desse finn du i DNT - SjekkUT-appen. Når du går i ei av turløypene sjekka du inn i appen, og turen blir då registrert på deg. Det er gratis å opprette ein brukarkonto, og du treng ikkje vera medlem turlaga eller DNT.

BÅNDTVANG

- Det er generell bandtvang i Fjell kommune f.o.m. 1. april t.o.m. 10 oktober.
- Fjell kommune har lokal forskrift om sikring av hund: lovdata.no/dokument/JP/forskrift/2006-09-21-1217
- I Øygarden gjeld bandtvang heile året!
- I Sund er generell bandtvang i perioden 1. april – 20. august.







Fritidsfiske i Nye Øygard kommune

Sund

1. Sundsvatnet
2. Vorlandsvatnet
3. Storavatnet
4. Kørelen
5. Litlekørelen

Fjell

6. Kørelen, Kallestad
7. Skåleviksvassdraget
8. Sandøyna
9. Kårtveitpollen
10. Vindenesstraumen
11. Svelgen Fiskeplass

Øygarden

12. Ormhilleren
13. Skogsøy

FISKARAVGIFT/FISKEKORT

Sund

Den statlege fiskaravgifta må betalast av vaksne over 18 år som fiskar i vatn eller vassdrag med laks, sjørrett eller sjørøye. I Sund gjeld dette berre for fiske i Kørelen. Sjå meir på: <http://fiskeravgift.miljodirektoratet.no/>

Det vert ikkje seld fiskekort for noko vatn i kommunen, slik at fiske med stang er tillate. Skal du fiska med garn må du ha avtale med grunneigarane i vatnet. Ei større oversikt over fiskevatn og fiskeslag i Sund finn du i ei oversikt som Hordaland Jeger- og Fiskerforbund har laga:

<https://www.njff.no/fylkeslag/hordaland/Sider/Fiske.aspx>

Fjell

- ♦ Fiske inst i Fjellspollen er regulert grunna krav om fiskekort i Fjellsvassdraget.
- ♦ Fiske innafor 100 meter frå utlaupet av Litlepollen er forbode frå 16.09 – 30.06.

Det er krav om fiskekort for fiske i Fjellsvassdraget. Dette kan du kjøpa på Statoil-stasjonen (Fjell gard) og hjå Sotranot as (Sartor storsenter).

Øygarden


Det er ikkje organisert sal av fiskekort for innsjøar i Øygarden, men publikum får lov å driva sportsfiske i dei fleste innsjøene. Sportsfiske i ferskvann har lite omfang i Øygarden kommune.



Veten



Skaganeset



Utsikt mot Lutatangen



VELKOMEN PÅ TUR I SUND

Sund har flott natur og turane som blir presentert her er ein fin høve til å bli kjent med dette området. Turene passer for både store og små.

TURa I SUND	SIDE
Veten	10
Kleppaksla	11
Lutatangen	13
Indrafjellet	14
Brotavarden	15
Tyssøy	16
Selekletten	18
Skaganeset	19
Risøyna (padletur)	20
Børnestangen	21





Veten

Startpunkt

Mange startpunkt – dei mest brukte er Stranda skulen og Førde.

Parkering

Førde/Stranda skule

Normal gangtid

2 - 3 timar t/r avhengig av startpunkt.

Høgde

284 m.o.h.

Utm 32 koordinat

Ø284514 N6681135

Bok

Ja

Nordsjøløypa

Stranda – Veten – Klokkarvik

Turskildring

Høgaste punkt i kommunen. Turen går på fin sti, men med til dels våte parti. På Veten er det ein kikkert og ei sikteskive retta mot fjelltoppar i nabokommunane.






Kleppaksla

- Startpunkt** Kleppe.
- Parkering** Like ved fylkesvegen, nær grendahuset.
- Normal gangtid** 1 time t/r
- Høgde** 201 m.o.h.
- UTM 32 koordinat** Ø285350 N6679580
- Bok** Ja
- Turskildring** Lett kupert terreng. God sti. Spor frå 2. verdenskrig. Flott utsikt over Krossfjorden.





”

*Saltsmak, friske
kinn og respekt*



Lutatangen



Startpunkt	Ved nedre Golta.
Parkering	Parkering på nedre Golta.
Normal gangtid	2t, vis sjøvett.
Høgde	17 m.o.h.
Utm 32 koordinat	Ø278200 N6683250
Bok	Ja
Turskildring	Lett kupert kystlandskap i utmarksbeite. Kan vera litt blautt i små parti. Hugs bandtvang, og ha respekt for gjerde/steingardar.





Indrafjellet

Startpunkt	Haganes
Parkering	Eigen parkeringsplass ved starten på stien, Haganes.
Normal gangtid	3 timar t/r
Høgde	232 m.o.h.
UTM 32 koordinat	Ø285500 N6689600
Bok	Ja
Nordsjøløypa	Del av Nordsjøløypa mot Liatårnet og Fjell festning.
Turskildring	Turen startar i Fjell kommune. Stort sett lett terreng. To parti med bratt stigning.





Brotavarden

Startpunkt	Telavåg stadion, Nordsjøløypa.
Parkering	Telavåg stadion
Normal gangtid	4 timer t/r, vis sjøvett.
Høgde	87 m.o.h.
UTM 32 koordinat	Ø277980 N6689990
Bok	Ja
Nordsjøløypa	Telavåg–Kjereid–Kallestad
Turskildring	Lett kupert terreng i utmark. Fin badeplass ved Brotet. Gamle fangsthytter.





Tyssøy



Startpunkt	Ved parkering like etter brua
Parkering	Parkering like etter brua
Normal gangtid	1,5 time t/r. Vis sjøvett.
Høgde	5 m.o.h.
UTM 32 koordinat	Ø 287300 N 6689700
Bok	Ja
Turskildring	Følg asfaltertveg og grusveg mot Smivågen. Sti frå Smivågen rundt Vestreneset til Skjervika. Lett terreng, god utsikt mot Raunefjorden. Bergen og Omland Friluftsråd har lagt ut kode for TellTur. Sjå også: http://telltur.no/bergen-og-omland-friluftsråd







Selekletten

Startpunkt

Tofterøy skulehus.

Parkering

Tofterøy skulehus.

Normal gangtid

Ca. 2 timar t/r, avhengig av startpunkt.

Høgde

60 m.o.h.

UTM 32 kordinat

Ø 282071 N 6677750

Bok

Ja

Turskildring

Let kupert terreng i utmark. Selefjellet har restar etter tysk utkikkspost frå 2. verdenskrig. Fin badeplass i Skjelevika.





Skaganeset

Startpunkt

Ta av frå Austre Sundvegen og følg Skogsvågvegen 900m. Ta av til venstre og følg Storhaugen 180m.

Parkering

Parkering for 2-3 bilar ved startpunktet i Storhaugen

Normal gangtid

1,5 timar t/r.

Høgde

5 m.o.h.

UTM 32 koordinat

Ø 284250 N 6688000

Bok

Ja

Turskildring

Variert terreng med godt merka sti og klopper over våte parti. Det er mange steinalderfunn i området, og deler av stien går langs Kvalvågen med rik kvalfangsthistorie. Det er ein del sopp, og særskilt mykje blåbær i området.





Risøyna (padletur)

Høgde

2 m.o.h.

UTM 32 koordinat

Ø279920 N6679820

Turskildring

Kobbavågen, fin badeplass med sandbotn.

Lett å padla dit – fint for nybyrjarar. Fint å gå tur rundt på øya.

Vis sjøvetl!

Bok

Nei


Båtutleige

Kajakk og kano kan leigast hos Sjøsportsenteret på Glesvær eller hos Panorama hotell. Bergen og Omland Friluftsråd har lagt ut kode for TellTur, sjå også: <http://telltur.no/bergen-og-omland-friluftsråd>




Børnestangen

Startpunkt	Sund skule
Parkering	Sund skule
Normal gangtid	2-3 t, vis sjøvett.
Høgde	5 m.o.h.
UTM 32 koordinat	Ø287700 N6679750
Bok	Ja
Turskildring	Stien starta ved enden av Nedre Børnes (mellom hus nr 70 og 73B). Lett kupert terreng, turen går langs sjølinje. Fin badekulp på Tanga- spissen. Hugs bandtvang, og ha respekt for gjerder og grunder.






Munkerøysa



Saltskohavn



Duøyna



Sandeie



Skjenet



Spjeldsfjellet



Havutsikten



VELKOMEN PÅ TUR I FJELL

Fjell har flott natur og turane som vert presentert her er eit fint høve til å bli kjent med dette området. Turane passa for både store og små.



Liatårnet

TURER I FJELL	SIDE
Liatårnet (Haganes, Bjørkedalen, Lie, Ekerhovd)	24
Skjenet (alt. Fjæreide)	25
Munkerøysa på Bjorøy	26
Høybøen (Vindeneskvarven)	27
Sandeie (Algrøy)	28
Saltskohavn (Våge)	30
Foldnes - Hjelteryggen (Kyrkjevegen)	31
Havutsikten/ Polleide	33
Spjeldsfjellet (Fjæreide, Ågotnes, Kårtveit)	34
Duøyna (Hitsøy)	35



Liatårnet (Haganes, Bjørkedalen, Lie, Ekerhovd)

Startpunkt

Haganes

Parkering

Haganes (grusplass på høyre side av veien).

Normal gangtid

4 timar t/r.

Høgde

341 m.o.h. Høgaste punkt på Sotra

UTM 32 koordinat

285024.73Ø 6692445.54N

Bok

Ja

Nordsjøløypa

Del av Iøypetrase Haganes – Liatårnet.

Turskildring

Det høgaste fjellet på Sotra er eit populært turmål. Med sine 341 meter over havet har du utsikt i alle himmelretningar. Det er fleire startpunkt, men her tar vi utgangspunkt i stien som følger Nordsjøløypa frå Haganes. *Andre startpunkt er parkeringsplassen ved Fjell Festning, frå Li, eller frå toppen av Bildøybakken.*





Skjenet (alt. Fjæreide)

Startpunkt	Morland - alternativt Fjæreide.
Parkering	Langs veien
Normal gangtid	1 - 1,5 tt/r.
Høgde	159 m.o.h.
Utm 32 koordinat	281829.64Ø 6698445.74N
Bok	Ja
Turskildring	Denne turen går langs Nordsjøløypa. Du startar på asfaltvegen på Morland og følger vegen eit stykke innover mot nord, merka med Nordsjøløypeskilt. Der vegen sluttar går du over på grøn og fin stølsveg gjennom beitemark. Mot toppen går du på sti og fjell.





Munkerøysa på Bjorøyna

Startpunkt

Bjorøyna, etter tunnelen, på austsida av vegen.

Parkering

På vegskulder ved Nilsvika, ved første avkjørsle etter tunnelen, og gå i retning aust over bilvegen – pass opp for biltrafikken.

Normal gangtid

1,5 timar t/r. (Turen er 3,1 km t/r)

Høgde

5 m.o.h.

UTM 32 koordinat

289221.69Ø 6694837.06N

Bok

Ja

Turskildring

Turen går på sti rett ved Nordrvatnet. Passerer kulturminnet gravøysa Munkerøysa. Sti gjennom Rewika og nordover til Gavlen.





Høybøen

Startpunkt

Parkeringsplassen ved bedehuset på Vindenes.

Parkering

Ved bedehuset på Vindenes

Normal gangtid

2 timar t/r.

Høgde

22 m.o.h.

UTM 32 koordinat

279285.51Ø 6707535.21N

Bok

Ja

Turskildring

Følg merking Nordsjøløype frå bedehuset. Skogsveg gjennom furuskog og sti heilt ned til sjøen. I dette området har det vore folk frå eldre steinalder til mellomalderen. Høybøen byr på gravrøyser og restar etter ein middelaldergård.





Sandeie (Algrøy)

Startpunkt	Algrøy skule.
Parkering	Algrøy bygdahall.
Normal gangtid	Ca. 4 timer t/r, vis sjøveit.
Høgde	4 m.o.h.
UTM 32 koordinat	275272.81Ø 6696449.31N
Bok	Ja
Turskildring	Kystkulturlandskap ytst i havgapet. Vik med skjelstrand. Bruer og klopper over dei våtaste partia mot Idlefjellet Noko kupert terreng frå Idlefjell til Sandeie. Det kan vere vått på stien så bruk godt skotøy. Det kan og blese friskt på toppen, så det er viktig å kle seg etter veret!








Saltskohavn (Våge)

Startpunkt	Våge - du kan og starte frå Hjelteryggen.
Parkering	Ved vegen til Våge, inst ved Vågen, ved Ådrotten.
Normal gangtid	1,5 – 2 timar t/r.
Høgde	1 m.o.h.
UTM 32 koordinat	287475.77Ø 6701522.45N
Bok	Ja
Turskildring	Turen startar på asfaltveg. Etter kvart går vegen over til ein tydeleg sti ut i marka. Fin utsikt over Hjeltefjorden og vidt utsyn i dei fleste retningar.





Foldnes - Hjelteryggen (Kyrkjevegen)

Startpunkt

Parkeringsplassen ved Foldnes kyrkje.

Parkering

Parkeringsplassen ved Foldnes kyrkje

Normal gangtid

1,5 time t/r.

Høgde

17 m.o.h.

UTM 32 koordinat

286930.03Ø 6699130.18N

Bok

Ja

Turskilddring

Grusa turveg frå Foldnes til Hjelteryggen. Den er universelt utforma, slik at rullestolbrukarar kan nytta den fram til Larslivatnet. Drikkevatt og rasteplassar langs vegen.







Havutsikten/Polleide

Startpunkt

Parkeringsplassen ved Kårtveitpollen friluftsområde.

Parkering

Parkeringsplassen ved Kårtveitpollen friluftsområde.

Normal gangtid

ca. 1,5 time t/r.

Høgde

42 m.o.h.

UTM 32 koordinat

278271.93Ø 6702691.11N


Bok

Ja

Turskildring

Stien starter på svaberget ved parkeringsplassen. Etter første haugen ser ein varden. Klopper på dei våtaste partia. Flott utsikt og benkar rundt varden. Vest for Havutsikten ligg det nokre store jettegryter.

Badeplass/stupebrett og gapahuk ved Kårtveitpollen friluftsområde.





Spjeldsfjellet (Fjæreide, Ågotnes, Kårtveit)

Startpunkt

Ved snuplassen på Fjæreide.

Parkering

Langs vegen nokre hundre meter før snuplassen på Fjæreide.

Normal gangtid

Ca. 1,5 time t/r.

Høgde

165 m.o.h.

UTM 32 koordinat

6701395.47N 281080.19Ø

Bok

Ja

Turskildring

Flott sti med over 40 klopper over dei våte partia, laga av Sotra- og Øygarden turlag. Stien er ein del av Nordsjøløypa. Spjeldsfjellet raga 165 m.o.h over Spjeldsbygda. Utsikt i alle himmelretninger.



Duøyna (Hitsøy)

Startpunkt

Syltøy, Storesund.

Parkering

Storesund.

Normal gangtid

Ca. 2 timar roleg padling t/r.

Høgde

1 m.o.h.

UTM 32 koordinat

-54044.81Ø 6728358.77N

Bok

Ja


Turskildring

Kupert terreng, fin for telting og fiskeing. Fortøyning på nordvestsida, samt bak ei holme på austsida. Enkel kabin (*Prosjekt Om over havet*) som ein kan leige for overnatting. Kontakt Per Erik Aadland på e-post: paadland@gmail.com. Kanoutleie: tlf: 41234091, web: northernexposure.no, Facebook: Northern Exposure. Urtemakeriet på Algrøy har dagsutleige av båtar. Kontakt på tlf: 92881362





Steinsvatnet rundt



Anekletten



Skogsøy



Gløvro



Tjeldstø - Hovden turløype



Nautnes - Trollvatn



Dethloffhytta

VELKOMEN PÅ TUR I ØYGARDEN

Øygdard har flott natur, og turane som vert presentert her i Kystpasset er eit fint høve for deg å bli kjent med dette området. Turene passar for både store og små.



Skogsøy

TURAR I ØYGARDEN	SIDE
Rubbegarnståna på Hellesøy	38
Seløy, Gløvrebua	39
Nautnes-Trollvatn	40
Tjeldstø-Hovden	41
Skogsøy	42
Dethloffhytta	44
Anekletten på Toftøy	45
Padletur Kystmuseet i Ovågen	46
Steinsvatnet tursti	47
Vikåsen på Toftøy	48



Rubbegarnståna på Hellesøy

Startpunkt

Startpunkt Hellesøy kai

Parkering

Parkering utenfor kafeen på Hellesøy kai.

Normal gangtid

1,5 time

Bok

Ja

Turskildring

Gå tilbake vegen du kjørte ca. 100 m, her går ein veg inn til venstre. Denne går ein ca 300 m forbi byggefeltet, til du kjem til ein benk med bord på venstre side av vegen, her starter stien. Denne stien er godt merka og tar ein med ut til Rubbegarnståna, heilt nord i Øygarden. Ein kan gå tilbake samme veg, eller følge stien som ein rundttur då kjem ein tilbake ved vegen lengre sørøst på Hellesøy.





Seløy, Gløvrebu

Startpunkt

Bakken gravplass

Parkering

Ved gravplassen

Normal gangtid

1,5 time

Bok

Ja

Turskildring

Du går frå gravplassen gjennom ei grind og følger merka sti heilt fram til Gløvrebu. Stien er lett å gå, litt kupert gjennom skogen og når du kjem ut av den opna det seg eit fantastisk utsyn over havet med holmer og skjær. Følg stien vidare til gapahuken Gløvrebu. Her er det satt opp bålpanne og små ildstader. Dette er ein fin plass å rasta.





Nautnes-Trollvatn

Startpunkt

Nautnes

Parkering

Parkering ungdomshuset på Nautnes

Normal gangtid

1,5 time

Bok

Ja

Turskildring

Ein må gå tilbake langs etter vegen ca 400 m for å komme til busstoppet på Nautnes kor stien starta. Du tek av frå hovudvegen og inn ein sideveg på vestsida av vegen, i retning Nautnesvågen. Du går langs bygdevegen til du kjem til ein privat veg. Løypa går på veg frametter mot eit hyttefeltet som ligg på nordsida av Nautnesvågen, i dette området er det vakker utsikt over havet.





Tjeldstø-Hovden

Startpunkt

Bedehuset Tjeldstø

Parkering

Bedehuset på Tjeldstø

Normal gangtid


3,5 timar

Bok

Ja

Turskildring

På høgre side av vegen ser du eit busstopp, inni busstoppet finn du ein informasjonstavle over flora og fauna i området. På andre side av vegen ser du rett på inngangen til stien. Den merkte stien går gjennom planfelt i nordvestlig retning til eit utkikspunkt ved Beinbrotet. Flott utsikt mot vest, ut i havet.





Skogsøy

Startpunkt

Herdlevær

Parkering

Parker langs veien, rett før broen til Herdlevær.

Normal gangtid

1,5 time


Bok

Ja

Turskildring

Langs stien er det god utsikt mot havet i vest. Fra Skogsøytuva er det eit flott rundskue, og frå varden er ein populær stad å sjå på havets krefter. Hugs å helde god avstand, dønningane kan kome langt opp. Skogsøy er også ein mykje brukt fugleobservasjonspost, for å studera haust og vårtrekkt.





”

*Saltsmak, friske
kinn og respekt*



Dethloffhytta

Startpunkt

Ono

Parkering

Parkering langs vegen der stien startar.

Normal gangtid

1 time

Bok

Ja

Turskildring

Turen på Ono går ut til vestsida av øya. Dette er ein fin og lett tur, i relativt flatt terreng. Mange brukar å gå tur ut til vestsida av øya og sette seg på dei blankskurte svaberga nede ved sjøen. Du kan også ta med fiskestang og fiske frå land her ute.





Anekletten på Toftøy

Startpunkt

Torsvik

Parkering

Parkering ved Torsvik elektriske

Normal gangtid

1,5 time

Bok

Ja

Nordsjøløypa

Ja

Turskildring

På austsida av vegen er det satt opp ei tavle med informasjon på fleire språk om denne delen av Nordsjøløypa. Turen er merka med nordsjøløypelogoar. Ein går austover ut i utmarka, i Årdalsåsen, og dreiar sør og opp på utsiktspunktet Anekletten, 60 moh.

Her kan ein sjå uendeleg horisont i vest, Alden i Sunnfjord i nord og Ulriken og Fløyen i søraust.





Padletur – Kystmuseet i Ovågen

Padletur

Om du ønsker å padle kano i Ovågen, kan dette gjerast ved Kystmuseet i Øygarden. Dei har også padlevestar.

Utlån

Utlån av kano i opningstidene til Kystmuseet:

Opningstider

Vanlege vekedagar frå 09.00 – 15.30

Lørdagar i skuleferien frå 15.06 – 17.08. frå kl. 11.00 – 16.00

Søndagar frå april – oktober frå kl. 12.00 – 17.00

Les meir

www.kystmuseet.museumvest.no





Steinsvatnet tursti

Startpunkt

Flåten

Parkering

Parkering på Flåten.

Normal gangtid


1,5 time

Bok

Ja

Turskildring

Dette er ei rundløype på 4,8 km, som startar og sluttar på Flåten ved Bakstehuset i Blomvåg, Flotevegen 53. Stien er ein type sauetråkk - variert. Nokre stadar vått og myrete terreng, men siste 2,5 km er asfaltert veg.





Vikåsen på Toftøy

Startpunkt

Parkering

Normal gangtid

Bok

Turskildring


Kryss vegen og gå 200 m nordover til inngangen av Vikåsen tursti.

Parkere ved Teknologisenteret

Ca 2,5 - 3 timer.

Ja

I Vikåsen kan ein gjera fleire små tursløyfer, frå 1,5 til 5 km lange. fleire av turane er merka med nordsjøløypelogoar. Hovudinn- gangen til turstiane er ved rv. 561, rett vest for Vik gard. Det er sett opp informasjonsskilt der stien startar, rett på innsida av bomvegen som fører til det kommunale vassverket ved Stegevikvatnet.



KALLESTAD TRANSPORT AS

tlf: 932 19 288

**Sund Apotek ♦ Sundsenter**

Åpningstider: man-fre 09-17
 lørd 10-15

**HENNINGSEN
BUNADSERVICE**

*Vi lager din nye bunad
eller reparerer den du allerede har!
Nytt bunadsølv – pussing/reparasjon*

*Grønebaksvegen 3A - 5382 Skogsvåg
Tlf: 483 85 480 – epost: bunadsyng@gmail.com*



Kaien Håkonsund - 56338650 • Sund Senter - 56337444



TLF 951 87 323 / 971 10 336



Bestill fra din smarttelefon: 56 33 70 70
Last ned appen FixIT Timebestilling
fra App Store eller Google play




BØRNES & FOSSE SNEKKERVERKSTED AS
Storbotn Næringspark 54 • Tlf: 56 33 96 30
www.vestlandstrappen.no





Salg av filet, lettsaltet og røykt fisk.
Tlf: 56 33 82 92 • Mail: telavagfisk@online.no



Sotra Seafood a.s



PANORAMA

HOTELL & RESORT

www.panoramahotell.no | tlf: 56 31 90 00



**B TELLE
TREARBEID AS**

Et selskap i Telle Gruppen

SUND BILSERVICE
AutoMester KAUSLAND tlf. 56 98 80 80
bilverkstedkjeden E-post: sundbilservice@automester.no



KLEPSVIK MAT AS
8-21 (9-20)

Vei, vann og avløp • Fjellsprengning og sikring
Betongkonstruksjoner • Grunnarbeid • Boligbygging

Hylland AS
Fagkunnskap gir solide resultater

Leirvikflaten 31, 5179 Godvik
E-post: kontor@hyllandas.no • www.hyllandas.no • Tlf. kontor: 940 17 200

REMA 1000
SKOGSVÅG
06-23 (07-22)

Åpent kvar dag heile året!



**FORLAND
AUTOSENTER AS**

TLF: 56 31 41 00

Tlf. 56 33 90 80 Mob. 951 03 394 www.glesvær.no



TOYOTA

Toyota Sotra AS



**BYGG &
BOLIGFORNYING AS**
alt innen trelast og byggevarer

VESTGAR  ELEKTRO



BERGEN
**VARMEPUMPE
SERVICE**



Sartor vvs
GODKJENT RØRLEGGERFIRMA



Vitus
REISER FOR VOKSNE

 **APOTEK 1**

Vår kunnskap - din trygghet

AVD. ÅGOTNES

Sotranot as

Maritimt supermarked - Sartor Storsenter


Øygarden
elektriske as
Telefon : 56 38 24 40


BLOM
Fiskeoppdrett as

Sotra rør

Enkelt!

TLF: 56 33 61 50



ALGRØY
Elektro as

Tlf. 56 33 62 40 - www.algroyelektro.no



Midtstegen, 5382 Skogsvåg Tlf. 56 33 74 50



5380 TELAVÅG • Mobil 91 37 70 72



**DIN LOKALE
ANLEGGSGARTNER**

ALT INNEN TREFELLING,
MURING, BETONG, SNEKRING,
GRAVING OG HAGEARBEID

TLF. 47809000
E-POST - POST@EIDESKOGOGHAGE.NO



**Fana
Sparebank**

Sartor Storsenter

Sotra Contracting



Kolltveit Køi AS



**A/S SARTOR
BILOPPRETTING**

ALT INNEN BILSKADER

Tlf. 56 32 16 17 Idrettsvegen 126,
5353 Straume • sartorbiloppretting.no

Øygarden Rørleggerservice AS 

Hørkestadvegen 2, 5336 Tjeldstø – Tlf: 56389150 – Mobil: 92014610
Org: NO 940 367 018 – Email: post@oygarden-ror.no

...Ventilasjonsservice
Ivar M Dale



www.sekkingstad.no

E-mail: post@sekkingstad.no



Polarvarme

Heggholmen
Bilreperasjon

Entreprenør Jostein Oen

Blom Bensin

Harkestad entreprenør

Torsvik elektro



Øygarden kommune

Turvett

Nærtur

- Sei ifrå kvar du har tenkt deg på tur
- Lytt til dei som har gått turar før deg
- Ha respekt for vêr og vêrmelding
- Ha respekt for gjerde og steingardar
- Ikkje kast søppel i naturen, plukk opp viss du ser noko
- Ta med drikke
- Ha godt fottøy
- Ta med nok klede, bles det er det viktig med noko som er vindtett
- Skal du i båt må du ha med godkjent flyteplagg, lær trafikkreglane til sjøss.

**For meir informasjon, sjå:
www.helstute.com**

Barn

- Planlegg turen saman med barna
- Sett av tid til undring
- Gå ut i dårleg vêr, det blir gode minner
- Leik, du er vaksen og har lov til det
- Ikkje snu med ein gang, barn klarar meir enn du trur
- Ha alltid med ekstra «bensin» til barna
- Lukt på mose, bruk alle sansane
- Førstehjelpsutstyr, varme klede og nok mat og drikke høyrer alltid til
- Få hjelp undervegs, barna likar å bidra
- Mål suksess i antall timar ute, ikkje km
- Skryt oppriktig av barna
- Ta pausar undervegs
- Tenk tryggleik - er du i tvil så er du ikkje i tvil



DET LIGG I VÅR NATUR Å VERE UTE

*Dei aller
enklaste turane
går rett i nærleiken
av der du bur.*

TURPROGRAM SØNDAGSTURar

DATO	TURMÅL	OPPMØTESTAD/TID	VARIGHEIT
14. april	Davanger - Skotnes, (Askøy)	Fjell rådhus, kl 10.00	 2 - 2,5 t
28. april	Spjeldsfjellet, Fellestur	Fjell kyrkje kl. 10.30	
28. april	Hjelme kyrkje-Rubbegangståna- Hj. kyrkje	Gamle Hjelme kyrkje, 10.30	 3 - 3.5 t
5. mai	Sund på langs Skogsvåg - Kleppe	Skogsvåg skule kl. 11.00	 6 t
12. mai	Turrute: 7- fjellstur, Haganes - Spjeld	Parkeringsplass Haganes, kl 09.00.	 7 - 8 t
19.mai	Dagstur til Siggjo, Bømlo	Meir info. og påmelding: sund.dnt.no	 Dagstur
26. mai	Vi drar til Bekkjarvik, (Austevoll)	Fjell rådhus kl 09.30. Retur ca. kl 18.30	 Dagstur ca 2-3 t
26. mai	Gavlen, Bjorøy	Fjell kyrkje kl. 10.30	
9. juni	Rundtur i Hjelmemarka (Øygarden)	Gravplassen v/Hjelme kyrkje, kl 10.30	 3 - 3.5 t
10. juni	Brotavarden	Telavåg Bedehus kl. 11.00	 4 t
23. juni	Glesnes rundt, m/samling på kafeen til avslutning på tursesongen	Glesnesholmen kl 10.30, (parker bak kafeen)	 ca 2,5 -3 t
23. juni	Høybøen, Vindeneskarven	Fjell kyrkje kl. 10.30	
30. juni	Dagstur til Breidablik offisiell åpning	Meir info. og påmelding: sund.dnt.no	 Dagstur
17-18. august	Herdla Fort Barnas turlag: Fjell, Askøy og Bergen	Herdla Fort Meir info.: fjell.dnt.no	 3 t
18. august	Glesnes - Selstø, ytreløype	Glesnes skule kl. 11.00	 4 t
25. august	Padletur Duøyna	Fjell kyrkje kl. 10.30	
15. sept	Roksneset fra Telavåg	Telavåg Bedehus kl. 11.00	 5 t
22. sept	Saltskohavn, Våge	Våge	
13. okt	Selekletten - Selefjellet	Tofterøy skule kl. 11.00	 3 t
20. okt	Tacotur til Turboplassen, Barnas turlag	Foldnes kyrkje, kl. 17.00	 3 t

ØYGARD TURLAG

legg ut arrangerte turar på facebook sida si, etterkvart som dei vert planlagt.

FØLG DEI PÅ: <https://www.facebook.com/groups/oygarden.turlag/>

Fleire detaljar om tid/stad finn du på: fjell.dnt.no og sund.dnt.no

Sotra-Øygarden turlag sine turar vert kunngjort "På plakaten" i VestNytt. Meir info finn du på www.sotraoygard.org


 Sund Turlag

 Fjell Turlag


 Sotra og Øygard Turlag

 Øygard Turlag

SENIORTURaR

 Sund Turlag

 Fjell Turlag

 Øygard Turlag

VÅREN 2019 / SUND- OG FJELL TURLAG

DATO	TURMÅL	OPPMØTESTAD/TID	VARIGHEIT
2. april	Skogsøyna, Øygarden	Hald Stadion kl. 10.30	2-3 t
9. april	Børnestangen	Nedre Børnes kl. 10.30	2-3 t
23. april	Tyssøy	Hald Stadion kl. 10.30	2-3 t
24. april	Løvstakken – Krevjande	Fjell kyrkje kl. 10.30	5 t
30. april	Løvstakken	Hald Stadion kl. 10.30	3 t
7. mai	Golta/Lutatangen	Nedre Golta kl. 10.30	3 t
14. mai	Kleppaksla/Storevarden	Kleppe kl. 10.30	1-3 t
15. mai	Lutatangen i Sund – Enkel/Middels	Fjell kyrkje kl. 10.30	4 t
21. mai	Lynghovda-Grana	Telle, Telavåg kl. 10.30	2-3 t
22. mai	Vorlandtuva-Randifjellet-Veten – Krevjande	Fjell kyrkje kl. 10.30	5.5 t
28. mai	Selekletten/Selefjellet	Tofterøy skule kl. 10.30	2-3 t
29. mai	Siglingavatnet rundt, Askøy – Middels	Fjell kyrkje kl. 10.30	3-4 t
4. juni	Oppstemten-Ulrikken	Hald Stadion kl. 10.30	2-3 t
5. juni	Liatårnet frå Haganes – Krevjande	Fjell kyrkje kl. 10.30	4.5 t
11. juni	Sildavika/Kleppaksla	Kleppe kl. 10.30	2 t
12. juni	Sommaravslutning, Kårtveitpollen	Fjell kyrkje kl. 10.30	3-3.5 t
18. juni	Bergsdalen Heldagstur	Hald Stadion kl. 9.30	Dagstur

HØSTEN 2019 / SUND- OG FJELL TURLAG

DATO	TURMÅL	OPPMØTESTAD/TID	VARIGHEIT
11.-16.aug	Tur til fjells – Golsfjell Fjellstue	OBS! Påmelding	5 dager
21.august	Lokøyna – Middels	Fjell kyrkje kl. 10.30	3,5 t.
27. august	Risøyna	Glesvær Kai, kl. 10.30	4 t
28. august	Kvamskogen, Fagrafjell	Fjell kyrkje kl. 10.30	3 t + kjøring
28. august	Kvamskogen, Såta	Fjell kyrkje kl. 10.30	5t + kjøring
3. sept	Stoltsen	Hald Stadion, kl. 10.30	2 t
04.sept	Nese, rundtur om hage på Åse – Enkel	Fjell kyrkje kl. 10.30	3,5 t.

10. sept	Øvre Golta	Nedre Golta, kl. 10.30	2-3 t
11. sept	Tenneset i Sund – Krevjande	Fjell kyrkje kl. 10.30	4-5 t.
17. sept	Smøråsfjellet	Hald Stadion, kl. 10.30	2-3 t
18. sept	Hellesøy i Øygarden – Enkel	Fjell kyrkje kl. 10.30	4 t.
24. sept	Lerøyna Klokkarvik Kai	Klokkarvik Kai kl. 12.40, retur ferje kl. 16.00	4 t
25. sept	Livarden, Totland – Middels/Krevjande	Fjell kyrkje kl. 10.30	4-5 t.
1. okt	Kjeipen/Tenneset	Kausland, kl. 10.30	3-4 t
02. okt	Ormhilleren i Øygarden – Enkel/Middels	Fjell kyrkje kl. 10.30	3 t
8. okt	Haganes/Liatårnet	Hald Stadion, kl. 10.30	3-4 t
15. okt	Gardafjellet	Hald Stadion, kl. 10.30	2-3 t
16. okt	Fjæreidvatnet rundt – Middels/Krevjande	Fjell kyrkje kl. 10.30	3,5 t
22. okt	Laksen/Stordalen	Sundskogen kl. 10.30	3 t
23. okt	Purkaneset i Sund – Enkel	Fjell kyrkje kl. 10.30	3 t.
29. okt	Ormhilleren	Hald Stadion kl. 10.30	2 t
30. okt	Algrøyna, Idlefjellet-Sandeide – Krevjande	Fjell kyrkje kl. 10.30	5 t.
5. nov	Russarstegen/Fjell festning	Hald Stadion kl. 10.30	2 t
06. nov	Alvøen – Enkel	Fjell kyrkje kl. 10.30	3 t
12. nov	Gitaren/Veten	Stranda skule kl. 10.30	2 t
13. nov	Bildevatnet rundt – Middels	Fjell kyrkje kl. 10.30	3-4 t.
19. nov	Forland rundt	Spar butikken kl. 10.30	1-2 t
20. nov	Fjell-Morland-Fjell – Middels	Fjell kyrkje kl. 10.30	3 t.
26. nov	Glesnes rundt, Avslutter på Glesvær café	Glesvær kai 10.30,	1-2 t
27. nov	Nordre Bildøyna – Enkel	Fjell kyrkje kl. 10.30	2,5-3 t.
04. des	Avslutning av turåret – Juleavslutning	OBS! Påmelding.	3-3,5t

RUTINAR FOR ALLE SOM GÅR PÅ TUR MED SENIORGRUPPA:

KLE DEG ETTER VERET: Spesielt i vinterhalvåret er det viktig å ha ytterklede som held vind, kulde eller regn ute. Fottøy som held vatn ute er nødvendig for ikkje å bli våt og kald.

VIKTIG Å HA I SEKKEN: Ekstra genser og strømpeskift. Mat og drikk. Om vinteren er også vottar/hanskar, hue og broddar viktig å ha med. **Merk at turleiar kan** avvise ein turdeltakar før turen startar om klede, fottøy eller utstyr ikkje er tilfredsstillande i høve til ver og føre. Turdeltakarane deltek på eige ansvar.

GODE VANAR PÅ GRUPPETURAR ER: Gruppa skal gå samla, turleiar fremst og bakerst, det skal gjevast beskjed til turleiar dersom ein forlet gruppa. Ein må akseptere at ikkje alle går like fort og bidra til at alle får pause. Hjelp kvarandre når det trengs.

LES MEIR OM TURANE PÅ: <https://fjell.dnt.no/> eller **Fjell Turlag Facebook**, [sund.dnt.no](https://www.facebook.com/sund.dnt.no) eller **Sund turlag på Facebook**. Følg Øygard turlag på Facebook

Slik brukar du klippekortet:

Kvar gong du gjennomfører eit av dei 30 turmåla i dette heftet vil du ved turmålet finna holtanga, som du klipper eit hol i dette klippekortet med.

Skriv deg gjerne inn i turboka som ligg i postkassa ved turmålet. Legg du ut eit bilete på instagram, hugs å leggja til emneknagg: # kystpass 2019. Når du har gått 7 turar, eller fleire, kan du levera klippekortet på s. 61 kun på Sund folkebibliotek eller leggja det i bokkassa utanfor biblioteket innan 15.01.2020.

Då vert du med i trekninga av mange flotte premiar!

Alle som leverar inn klippekort får ein liten premie.

Det blir trekt ut vinnare av alle som leverer inn klippekort, og hovudpremien vert i tillegg trekt blant DNT medlemmer. Hugs å kryssa av dersom du er medlem.

Kystpasset får du hos Biblioteka, Rådhusa, Rong senter, Sartor senter, Sund senter, bensinstasjonar, helsestasjonar og dagligvarekjedar.

Det blir òg trekt premiar blant dei som har sjekka minst 7 turar inn digitalt på SjekkUT (sjå s.5 for info om SjekkUt).



ENKEL



MIDDELS



KREVJANDE

Neste nivå er ekspert, slike turar har vi ikkje i Nye Øygard kommune.



Gla' hopp på Golta



Veten

Kleppaksla

Indrafjellet

Brotavarden

Selekletten

Lutatangen

Tyssøy

Skaganeset

Risøyna

Børnestangen

Namn

Adresse

Telefon

e-post

Alder

Er medlem i DNT lokallag.

Alle som leverer inn klippekort på Biblioteket, Sund Senter innan 15. januar 2020, er med i trekninga om fine premiar! DNT medlemmer (enkeltmedlem eller familiemedlem) er i tillegg med i trekninga av ein hovudpremie. Bli medlem på sund.dnt.no, fjell.dnt.no eller dnt.no

Rubbegarnståna
Seløy

Nautnes - Trollvatn
Tjeldstø - Hovden

Skogsøy

Dethloffhytta

Anekletten

Vikåsen, Toftøy

Steinsvatnet

Kystmuseet

Liatårnet

Skjernet

Gavlen, Bjørøy

Sandeie

Høybøen

Sakskohavn

Larsivatnet

Havutsikketten

Spjeldsfjellet

Duøyna



Grafisk formgivning - Fjell design.no Trykk: BODONI

KLIPPEKORT



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

30 TURMÅL FOR STORE OG SMÅ!

Lever inn side 61 til **Sund, Fjell eller Øygarden folkebibliotek** eller legg det i bokkassa utanfor biblioteket innan 15.01.2020, så er du med i trekniga. Trekning blir kunngjort på nettside og facebook, både for Kystpass og SjøkkUt.

FØLGE OSS GJERNE FOR MER INFORMASJON OM TURER,
PREMIER OG ARRENGEMENTER.

Sund Turlag

www.sund.dnt.no
www.facebook.com/sundturlag

Øygarden turlag

www.facebook.com/oygardenturlag

Fjell Turlag

www.fjell.dnt.no
www.facebook.com/fjellturlag

Sotra og Øygarden Turlag

www.sotraoygard.org/